

Kvalheim Kraft DA  
Postboks 17  
1701 SARPSBORG

Vår dato: 14.08.2014  
Vår ref.: 201402464-7  
Arkiv: 517  
Dykkar dato: 27.06.2014  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Randi Holme  
22 95 95 18/ 99 21 51 22

## Mehuken III vindkraftanlegg – Godkjenning av MTA – Miljø-transport og anleggsplan – Vågsøy kommune

Vi viser til dykkar brev datert 27.06.2014 vedlagt miljø-, transport- og anleggsplan for Mehuken III vindkraftanlegg i Vågsøy kommune.

Saka er handsama med heimel i vilkåra for miljø- og transportplan i konsesjon datert 18.10.2013, post 12.

### Bakgrunn:

Kvalheim kraft DA fekk anleggskonsesjon til bygging og drift av Mehuken III vindkraftanlegg 18.10.2013. Det er tidlegare (23.12.1999 og 24.06.2008) gitt konsesjon til bygging og drift av Mehuken I og Mehuken II.

Arbeida med Mehuken III omfattar montering av tre nye turbinar kvar med installert effekt på 2,3 MW. Desse vil erstatte dei fem eksisterande turbinane i Mehuken I. Det vert bygd tre nye turbinfundament, plassert på areal som vart opparbeidde då Mehuken I vart bygd. Tre eksisterande kranoppstillingsplassar vert utvida med om lag 0,7 dekar kvar. Gamle turbinar frå Mehuken I vert demonterte, og fundamenta ved dei to øvste turbinpunkta som ikkje vert nytta lenger vert fjerna. Vegen opp til dei øvste turbinpunkta i Mehuken I vert oppretthalden for allmenn tilgjenge. Dette er i samsvar med krava i konsesjonen for Mehuken III post 12. Nokre hundre meter av den interne vegen i anlegget vert forsterka/utvida med 1-1,5 meter. Massar til arbeida vert henta frå ein av kranoppstillingsplassane ved Mehuken III og frå massetaket på Ytre Kvalheim som vart nytta i Mehuken II. Det vert ikkje etablert nye midlertidige lager- eller riggområde. Kablar mellom turbinane vert lagt i skuldra på eksisterande vegar.

Arbeidet er planlagt sett i gang i august 2014 og ferdigstilling er planlagt i løpet av september 2015.

### Vedtak:

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsvieien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

*Med heimel i konsesjonen datert 18.10.2013 post 12 godkjenner NVE framlagde plan for miljø, transport og anlegg for bygging av Mehuken III vindkraftanlegg i Vågsøy kommune.*

Vårt vedtak føreset at dei framlagde planane for miljø og landskap ikkje går utover vilkår og krav gitt i konsesjonen. Vidare har NVE føresetnad om at naudsynte privatrettslege avtalar om bruk av grunn er på plass før anleggsarbeidet startar.

**Vilkår:**

- Øvre del av betongfundamenta ved dei to øvste turbinpunkta skal fjernast slik at berre hovudfundament som ligg 0,9 meter under bakken vert attende før det vert dekt til med lausmassar.
- NVE skal haldast orientert om når anleggsarbeidet tek til, ved viktige og/eller kritiske fasar ved byggearbeidet og når anlegget vert sett i drift.
- Det kan frå NVE verte stilt krav om ytterlegare detaljering og krav til dokumentasjon for delar av anlegget.
- Når anlegget er bygd ferdig skal kommunen få tilsendt kartdata i eigna kartformat, med alle fysiske anlegg, slik at kartdata kan gjerast tilgjengeleg på ein enkel måte.

**Merknader:**

Konsesjonæren har sendt MTA til uttale til Vågsøy kommune. Kommunen har gitt uttale jf. brev datert 04.07.2014.

Med unntak av det eksterne massetaket på Ytre Kvalheim er miljø- transport- og anleggsplanen som konsesjonæren har lagt fram i samsvar med føresetnadene i konsesjonen. Bruk av massetaket på Ytre Kvalheim er avklara gjennom Vågsøy kommune sitt vedtak datert 27.06.2014 der det er gitt løyve til utviding av massetaket. Arealet er regulert til massetak med tilhøyrande føresegner. Det er også inngått avtale med aktuelle grunneigarar.

NVE vurderer saka som tilstrekkeleg opplyst og har med bakgrunn i dette ikkje sendt saka på høyring.

**NVE si vurdering:**

I uttalen sin peikar Vågsøy kommune på fleire punkt i MTA som er lagd fram. NVE sine vurderingar er knytte særskilt til dei merknadene som er direkte knytte opp til arbeidet som skal gjennomførast ved Mehuken III.

Anleggs- og transportplan – plankart:

I MTA er det opplyst at krysset ved Kapellneset treng mindre utbetringar. Kommunen peikar på at det ikkje kjem fram kva utbetringar som er naudsynt eller om det er permanente tiltak som skal gjennomførast. NVE legg til grunn at konsesjonæren utarbeider byggeplan og inngår byggeavtale slik dette er skildra i kap. 6.3 i MTA. NVE legg også til grunn at ved det permanente tiltak vert gjort naudsynte avklaringar i høve til gjeldande reguleringsplanar jf. kommunen sin merknad.

Krav i punkt 12 i konsesjonsvedtaket:

Vågsøy kommune peikar på at omtalen av korleis dei to betongfundamenta som ikkje skal brukast lenger skal fjernast ikkje er tilfredsstillande. Dei viser til kommunen sitt krav om at *øvre del av betongfundament skal fjernast slik at berre hovudfundamentet som ligg 0,9 meter under terreng vert attende før ein dekker dei til med lausmassar.* I MTA datert 27.06.2014 er fjerning av betongfundamenta omtalt slik: « *Det vil bli gjennomført tiltak for at eksisterende betongfundamenter for Mehuken I ikke blir synlige i terrenget etter at anleggsarbeidene er avsluttet for Mehuken 3. Det vil bli utarbeidet en*

*plan for hvert fundament, slik at målene om en tilfredsstillende landskapstilpasset løsning blir ivare tatt».*

NVE viser til post 12 i konsesjon datert 18.10.2013 der det er sett krav om at betongfundamenta skal fjernast i samsvar med kommunen sine ønsjer. Med bakgrunn i dette er det sett vilkår om å fjerne øvste del av betongfundamenta.

Kommunen peikar vidare på at MTA manglar retningsliner for korleis eksisterande veg og eksisterande oppstillingsplassar som ikkje lenger vert brukte skal handsamast. Kommunen viser her til vilkår i anleggskonsesjonen for Mehuken I. Anleggskonsesjonen for Mehuken I fall bort då det vart gitt konsesjon til Mehuken III, og den nye konsesjonen stiller ikkje krav om fjerning av oppstillingsplassar eller tilbakeføring av delstrekningar på eksisterande veg.

Kommunen peikar på at det ikkje er gitt løyve til uttak av massar innafor anleggsområdet i konsesjonsvedtaket. I MTA er det søkt om løyve til å ta ut noko massar på vestsida av oppstillingsplass ved turbin 3.2. Utbygginga av Mehuken III vil medføre justering av turbinpunktet og oppstillingsplassen. MTA og designmanual skildrar tiltak for istandsetjing/ferdigstilling av terrenget på ein tilfredsstillande måte. Med bakgrunn i dette finn NVE å kunne akseptere at massar vert teke ut ved turbin 3.2 slik det er søkt om.

Kommunen saknar ei grunngjeving for utbetring av eksisterande veg ovafor turbin 3.3. NVE viser til Vågsøy kommune sin uttale om at ein bør ha som mål å unngå å legge om vegen i dette området.

**Anna:**

Vindkraftanlegg må avklarast i høve til arealdelen i kommuneplanen eller eventuelle reguleringsplanar. Dette kan gjerast gjennom søknad om dispensasjon dersom arealbruk ikkje er i samsvar med arealdelen i gjeldande kommuneplan/reguleringsplan. Slik søknad skal sendast til og handsamast av aktuell kommune. For meir informasjon om reguleringsplan sjå NVE-rettelias 06/2011.

**Høve til å klage:**

Denne avgjersla kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet denne underretninga er kome fram, jf. forvaltningslova kapittel VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønsjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).

Med helsing

Ingunn Åsgard Bendiksen  
avdelingsdirektør

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.settes automatisk inn ved ekspedering*



Vedlegg:

Kopi:

Johnny Hansen  
Vågsøy kommune  
Zephyr AS v/Maria Ystrøm Bislingen